


## LOGOPED SOM HELSEBEHANDLING

Logoped er ikkje ein «skal-teneste», og mange kommunar har ingen logopedar. Personar som har behov for logopedbehandling grunna sjukdom, skade eller lyte kan få dekkja utgifter til behandling hos privatpraktiserande logoped når vilkåra er oppfylt. Behov for logoped i samband med talevanskar, språkvanskar eller spisevanskar som følgjer medisinske diagnoser (*til dømes psykisk utviklingshemming, språkvanskar, CP eller liknande*) kan bli dekkja gjennom HELFO. Lova definerer ikkje kva diagnoser som gir rett. Det er fastlege som tilviser privatpraktiserande logoped, og diagnoser må gå fram av tilvisinga. Krava for stønad etter Folketrygdlova §5-10 er:

- behandlars kompetanse (logoped med godkjend utdanning)
- tilvising frå lege (diagnoser med talkode må gå fram av tilvisinga)
- at behandlinga er nødvendig på grunn av sjukdom, skade eller lyte
- at behandlinga er av vesentleg verdi for sjukdom og funksjonsevne



I Bjørnafjorden kommune har PPT prioritert lågterskeltilbod, primært knytt til vanskar i berre blada på språktreet. Dette er typisk barn med normal språkutvikling, men vanskar med å uttale enkeltlydar. Logopedtenesta er den viktigaste satsinga på PPT sitt arbeid knytt til førebygging og tidleg innsats. Vanskar knytt til greinene, stammen og røtene i språktreet fell utanfor lågterskeltilbodet, men kan ofte vere grunnlag for tilrettelegging i barnehage og skule, spesialpedagogisk hjelp eller individuelt tilrettelagd opplæring. Alle barnehagar og skular har PPT-kontaktperson. Med foreldresamtykke kan dei drøfte individuelle problemstillingar med PPT. Foreldre kan og kontakte PPT eller Logopedtenesta direkte dersom dei har spørsmål.